


KNARHOLMEN MAI 1998

tekst og foto: Linda Ognøy

Det har skjedd store forandringar på Knarholmen den siste månaden. Brakkeleiren byrjar å koma på plass, og er godt synleg både frå land og sjø.

Odd R. Gresslien seier til bygdablad, at det i alt blir 100 kontorplasser og boligriggane skal gi plass til 240 mann. I tillegg kjem kantine og lagerplass.

Elles kan ein opplysa om at alle husstandar i Bokn



som ynskjer det, kan få eit abonnement på Statoil sitt internblad "Gazette" i anleggsperioden. Bladet blir gitt ut på Kårstø, og kjem ut ein gong i veka.

Ta kontakt på tlf. 52 77 22 00, så får du bladet tilsendt i posten.

Bygdablad presenterer denne månaden Statoil sine representantar og deira ansvarsområde. Har du noko å spørja om er det berre å ta kontakt.